



Etter ei eiga adresseliste

Høyring av eit verneforslag for Hisdalen i Sunndal kommune og Mardalen i Nesset kommune

Vi sender med dette til lokal og sentral høyring eit verneforslag med forskrifter og kart for to nye naturreservat. Forslaget gjeld område der grunneigarane har kome med tilbod om frivillig vern av skog. Det faglege grunnlaget for utarbeidinga av høyringsdokumentet er naturdata henta frå www.naturbase.no

Området i Mardalen, som er på 4017 dekar, ligg på nord og vestsida av elva Mardøla i Eikesdal. Gjennom ein del av området går det ein turistveg opp mot Mardalsfossen. Midtpunktkoordinaten til området er ca. x 454495 og y 6928237. I nord grenser tilbodsområdet (79/3) i Mardalen til Jutneset naturreservat. Verneframlegget inneber at Jutneset naturreservat vil bli slått saman med tilbodsarealet i Mardalen til eitt reservat og med ei felles verneforskrift. Vi gjer framlegg om å kalle det nye verneområdet for Mardalen naturreservat. Området omfattar også ein del av Eikesdalsvatnet landskapsvernområde og ein del av Sandbrovbotn - Mardalsbotn biotopvernområde. Eit vern som naturreservat vil føre til at vernegrensa for desse to områda vil bli justerte og er også ein del av denne høyringa. Ei endring av vernegrensa for desse to vil berre føre til nokre små formelle justeringar av verneforskriftene.

Hisdalen, som er på 3 303 dekar, ligg ved Sunndalsfjorden og ca. 12 km nordvest for Sunndalsøra. Avstanden til nabokommunen Tingvoll er kort. Midtpunktkoordinaten til området er ca. x 468871 og y 6961867.

Verneforslaget er lagt ut på fylkesmannen si heimeside. Nettadressa er lenger nede på sida.

Miljødirektoratet (MID) har gitt Fylkesmannen i Møre og Romsdal i oppdrag å utarbeide verneforslaget og MID har nyleg kome med ei fagleg godkjenning av det og såleis tilrådd høyring.

Melding om start av prosessen vart sendt ut lokalt ved brev av 06.03.14 og kunngjort i ei lokalavis. Adressatane på den lokale delen av adresselista har fått høve til å gjere sine eventuelle interesser i området kjente før verneframlegget vart laga.

Formålet med denne høyringa er å presentere verneframlegget.

Framlegget til ei verneforskrift byggar på ein generell mal frå MID. Det er ønskeleg at synspunkt til verneforslaget også blir knytt opp til forskriftene.

Det er viktig å vere merksam på at verneforma som vert foreslått er reservat. Naturreservat er det strengaste vernet og har som konsekvens eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet i områda. Det er likevel ikkje restriksjonar mot til dømes allmenn ferdsel eller jakt etter viltlova.

Høyringa.

Denne høyringa er felles for lokale og sentrale høyringsorgan.

Høyringsfristen er 12 juni 2014.

Høyringsfråsegner må sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde. Fråsegner kan også sendast elektronisk til postmottak@fmmr.no

Vi legg ved 2 eksemplar av høyringsdokumentet til kvar av kommunane. Det eine eksemplaret er for utlegging til offentleg ettersyn på rådhuset. Vi legg også ved høyringsdokumentet til grunneigarane.

Dette brevet saman med høyringsdokument, kart og adresseliste er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». www.fylkesmannen.no Dei som likevel ønskjer å få tilsendt verneframlegget som papirutgåve, kan enten sende ein E-post til kjell.lyse@fylkesmannen.no eller ringe til sakshandsamaren eller fylkesmannen ved miljøvernavdelinga. (Sjå telefonnummer øvst og nedst på side 1).

Vidare saksgang.

På bakgrunn av høyringa, vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal lage ei oppsummering og sende verneframlegget med ei tilråding til Miljødirektoratet like etter høyringsfristen. Direktoratet vil så utarbeide ei tilråding til Klima- og miljødepartementet. Deretter vert slike saker lagt fram for Regjeringa som avgjer det endeleg utfallet av saka ved at det vert fatta eit vedtak med heimel i naturmangfaldlova av Kongen i statsråd.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
Miljøverndirektør

Kjell Lyse

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Sjå høyringsdokument, adresseliste og kart på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside

Kopi:

Miljødirektoratet postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM